



18 FEB 2015

Samarbeidsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og teknisk arrangør om arrangementet Ungdommens kulturmønstring (UKM) – fylkesmønstringa 2015.

UKM har utvikla seg til å bli det som i dag sjåast som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. UKM er mange små lokale festivalar der ungdom kan delta med alle slags kulturuttrykk. UKM skal vere den viktigaste visningsarena for ung kultur.

Fylgjande er avtalt mellom Hordaland fylkeskommune og AKKS Bergen, heretter kalla teknisk arrangør:

1. KONTRAKTEN SITT INNHOLD

Hordaland fylkeskommune står ansvarlig for at Ungdommens kulturmønstring (UKM) fylkesmønstringa avvikles kvart år i Hordaland.

AKKS Bergen påtek seg å vere teknisk arrangør for UKM fylkesmønstringa i 2015.

Hordaland fylkeskommune har det overordna økonomiske ansvaret for UKM i Hordaland og fylkesmønstringa. Vidare er fylkeskommunen ansvarlig for:

- Rettleiing som fylkeskontakt for kommunanes lokale UKM arrangement
- Registrering av materialpakkar til kommunane
- Registrering av datoar for når kommunane skipar til sine lokalmønstringar
- Fungere som eit mellomledd og informasjonskanal mellom UKM nasjonalt, UKM regionalt og UKM lokalt
- Bidra med nettverk og kompetanse med tanke på utvikling av UKM-konseptet
- Planlegge og gjennomføre reise til UKM festivalen i juni kvart år
- Samarbeide med dei regionale ungdommane som representerer UA (unge arrangørar) og URG (ungdommens referansegruppe) om utviklingstiltak
- HFK forpliktar å ha jamleg kontakt med teknisk arrangør
- Ansvarleg kontaktperson: Marianne Ose Askvik

Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for gjennomføringa av UKM fylkesmøntringa. Teknisk arrangør skal samarbeide på dette feltet med fylkeskontakt i 2015. Dette inneberer fylgjande oppgåver:

- Delta på kommunekontaktmøtet og andre møter m.a. med UA og URG
- Planlegging og gjennomføring av fylkesmøntringa som arrangement saman med fylkeskontakt
- Organisering og tilpassing av lokalar for alle kunstuttrykk saman med fylkeskontakt
- Sørgje for lokalar til sosiale aktivitetar, overnatting, og til sjølve teknisk arrangement saman med fylkeskontakt
- Førebu innkjøp og organisering av matservering til deltakarane under fylkesmønstringa og til overnattinga
- Sørgje for tryggleikrutinar og vakthold under fylkesmønstringa i samråd med fylkeskontakt.
- Oppdatere nettpotalar som www.ukm.no/hordaland og UKM Hordaland sin nettside på facebook med informasjon om fylkesmøntringa
- Delta på landsfestivalen som leiar for deltakarar frå Hordaland
- Teknisk arrangør forpliktar å ha jamleg kontakt med HFK
- Ansvarleg kontaktperson:

I desse oppgåvene ligg det ikkje føre eit økonomisk ansvar. Alle rekningar knytt til arrangementet, og andre uførutsette utgiftar, skal betalast av Hordaland fylkeskommune. Det er såleis naudsynt at det er jamleg kontakt mellom teknisk arrangør og Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune betalar for reise og opphold for teknisk arrangør under fylkesmønstringa og UKM festivalen. Utover dette står teknisk arrangør fritt til å delta på konferansar og arbeidsseminar i regi av UKM Norge.

Hordaland fylkeskommune overfører 100 000 kroner til teknisk arrangør årleg for gjennomføring av UKM fylkesmøntringa. Eventuelle uførutsetta utgifter vert dekt etter avtale med Hordaland fylkeskommune.

2. MISLEGHOLD

Dersom det vert gjort vesentleg brot på avtalen, kan Hordaland fylkeskommune annullere den.

3. TVIST


Dersom det oppstår tvist av kva som helst art, vil Hordaland fylkeskommune berre halde seg til den som har skrive under på denne avtalen.

4. OPPSEIING

Hordaland Fylkeskommune og arrangør kan seie opp avtalen med 3 månadars varsel.

5. VARIGHEIT

Avtalen varer til 31.06.2015



Ronny B. Skaar

Utviklingssjef/Seksjonsleiar
Kultur- og idrettsavdelinga
Hordaland fylkeskommune

Bergen, 3.2.15

Jone Flonne Solheim

Eirik Kattumann Mørkussen

for teknisk arrangør